

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Meldingssaker

Einar Lutro påpeika tekniske feil ved nokre av meldingane.

Håkon Rasmussen opplyste at ein hadde hatt ein del problem i samband med innføring av nytt sak-arkiv system. Det vil bli rette opp til neste møte.

Pål Kårbø stilte spørsmål om utvalet får tilgong til rapporten om trafikktryggleiken langs Slettestølsvegen.

Håkon Rasmussen opplyste at utvalet vil få den.

Tom Skauge sette fram fylgjande oversendingar.

Til RS 2/14.

Rådmannen vert beden om å informera SAMU om aktuell maskin- og betteriteknologi for tiltaket.

Til RS 3/14.

Rådmannen vert beden om å legge inn naudsynte bevilgningar for å byggja oppstillingsplass som vist i saka

Til RS 9/14.

Rådmannen tek initiativ til eit betre system for at lokalkunnskap om flomfare og andre risiki for ulykker kan bli meldt inn til vegstyresmaktene.

Til RS/12

Av prinsipp bør det politiske spørsmålet inn i same sak som svaret frå rådmann.

Til RS/14.

Ei kritisk strekning med få omkjøringsalternativ er Arna- Dale. Vil rådmann ta fram den tidlegare høgt prioriterte planen for ferjeavløysningsforbindelse på nordsida av Osterøy gjennom Toskedalen.